



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2021

NOVEMBER • ÅRGANG 28



Eit betre miljø for innbyggjarane i Sunnhordland

Til no er det delt ut 5,6 millionar frå SIM sitt miljøfond til ulike tiltak som er ferdigstilt, eller under oppføring/utvikling. Les om nokre av tiltaka frå Miljøagentane og Lønning Lutlandbruk på side 6 og 7.

Rett avfall i rett dunk

Les meir på side 2 og 3.

Dette skjer med avfallet ditt

Les meir på side 4 og 5.

Rett avfall i rett dunk

Dei aller fleste er opptekne av å kaste rett avfall i rett dunk, men diverre er det ein del som hamnar i feil dunk.

Me må alle ta i eit tak for at dette skal bli rett, slik at me saman bidrar til å ta vare på dei viktige ressursane i avfallet.

Avfall som me hentar heime hos deg (hushaldsavfall), er avfall som skal leverast i dunkane. Hushaldsavfallet skal kjeldesorteras. Gjenstandar som er for store, eller som det ikkje er lov å kaste i dunkane, skal leverast på miljøsentralen. Der skal det kastast i rett konteinar, avhengig av type avfall. Spør ein kundehandsamar om du er usikker på kvar – dei hjelper deg gjerne!

Feilsortering kan føre til:

- Brann
- Dårlig kvalitet på alt som skal attvinnast
- Øydelegging av kompostjorda.

Typiske feil:

- Store ting som ikkje får plass i dunken, skal leverast til miljøsentralen
- Øydelagde elektriske ting skal til miljøsentralen eller forhandlar av slike varer
- Plast i mat- og papiravfallet
- Batteri i dunken kan skape brann, og skal til innsamling på butikken eller miljøsentralen
- Panteflasker skal pantast i butikken
- Byggavfall etter oppussing, skal til ein miljøsentral. Ofte er mykje av dette også farleg avfall



Ikkje-gjennomsiktige sekker

VED LEVERING TIL MILJØSENTRAL:

Hugs påbodet om gjennomsiktige sekker

KVIFOR?

- Sikre rett sortering
- Sikre rett handtering av farleg avfall og EE-avfall
- Redusere risiko for brann
- Innfri overordna miljøkrav

Takk for din innsats for miljøet!



Plastemballasje

Plast som har vore emballasje, og som er rein og tørr.

- Emballasjen er rein nok når den er tom for produktrestar. Det betyr at det ikkje skal ligge igjen matrestar. Stort sett er emballasjen rein når den er tom. Av og til treng den litt hjelp. Då er det best å skylle emballasjen i kaldt vatn, eller bruke litt tørkepapir for å få ut restene. Må du bruke varmt vatn for å få den rein, er det betre å kaste den i restavfallet.
- Tom for sekker til plastemballasje? Renovatøren legg ein ny rull med sekker til deg på loket dersom du knyter ein tom sekk på handtaket til **papirdunken**, eller du kan hente rull med sekker på våre miljøsentralar.





Bioavfall

Mat- og hageavfall frå hushaldninga, utan emballasje.

- Plastposar i bioavfallet øydelegg komposteringsprosessen.
- Posar garanter utan plast kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar og i butikk. Disse er merka med «Godkjent pose til bioavfall» og SIM-logo (evt. merka med **EN 13432, ASTM D6400**).
- Bruk evt. stor biopose i dunken for å hindre lukt og hindre dunken i å bli ekstra tilsmussa.
- Prøv å unngå å leggje lauv, hageavfall og sagflis i botn på dunken då dette lett pakkar seg.
- Glas er ikkje komposterbart.
- Reingjer dunken etter tømning.
- Ei avis i botnen kan vera lurt om vinteren, slik at avfallet ikkje fryser fast.



Glas- og metallemballasje

Som hovudregel glas- og metallemballasje det har vore mat eller drikke i.

- Når syltetøyglasset, eller andre matglass, er tomme fyller du det halvfullt med kaldt vann, skur på loket og ristlar for å fjerne mest mogeleg restar. Du kan eventuelt ta ein sveip med oppvaskbørsten.
- Skru av loket igjen og rist glasset drypptørt. Det går greit om det er eit tynt fettlag igjen, som for eksempel i olivenoljeflaska.
- Etiketten kan sitje på når du sorterar, og du treng ikkje skru på lokket igjen.
- Dersom emballasjen er veldig tilgrisa er det betre å kaste den i restavfallet.
- Mindre mengder som ikkje er emballasje kan du kaste i restavfallet. Pakk det godt inn slik at dei som handterer avfallet ikkje skadar seg. Større gjenstandar skal leverast på miljøsentralen.
- Aluminiumsform, makrell i tomatboks eller andre hermetikkboksar: Skrap ut eventuelle restar, skylj forma i kaldt vatn og rist den drypptørr.
- Er aluminiumsforma veldig tilgrisa, kan du la den stå i litt vatn til innhaldet løyser seg opp, eller bruk litt tørkepapir for å få ut restane.
- Det viktigaste er at du får bort matrestane, det går greit om det er eit tynt fettlag igjen i emballasjen.
- Dersom emballasjen er veldig tilgrisa er det betre å kaste den i restavfallet.



Restavfall

Blandingsavfall og avfall som ikkje har ein plass i andre sorteringsordningar.

- Store gjenstandar skal leverast til miljøsentralen.
- Unngå å overfylle dunken, så slepp ikkje fuglar og andre dyr til i avfallet.
- Urein plast kan gå i rest.



Papiravfall

Papir og kartong som ikkje er fuktig eller tilsmussa.

- Prøv å ikkje stapp for mykje, då papiret lett kan sitje fast. Spesielt gjeld dette t.d. pizzaesker og anna papp.
- Store esker kan også rivast opp for å unngå at dei sit fast.
- Papiret må ikkje vera vått eller tilgrisa, då er det restavfall.
- Du treng ikkje fjerna stiftar og limband.
- Alle drikkekartongar skal gjenvinnast; både store og små, med og utan skrukork eller lok. Kast kartongane i papirdunken.



Dette skjer med avfallet ditt

Har du lurt på kva som skjer med avfallet ditt etter at du har kasta det i dunken eller levert det på miljøsentralen? Me gir deg svaret her.



Bioavfallet:

Vert køyrt til SIM sitt komposteringsanlegg i Svartasmåget, Fitjar. SIM produserer kvart år fleire tusen tonn god kompostjord og plenblanding som vert seld ved alle våre miljøsentralar.



Papiravfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til materialgjenvinning. Papiret vert sendt til ulike fabrikkar der det vert laga nytt papir eller papp. Trykksverte, lim, og stiftar vert fjerna. Drikkekartongar vert frakta til Sverige, der dei mellom anna vert laga om til ny kartong.



Reint treverk:

Reint treverk vert nytta i SIM sitt komposteringsanlegg.



Glas- og metallemballasje

Glas- og metallemballasjen vert sendt til Sirkel sitt gjenvinningsanlegg i Fredrikstad, der glas og metall vert sortert frå kvarandre. Glaset vert smelta om til nytt glas, eller glasopor (byggmateriale).



Metallemballasjen vert resirkulert til nye boksar, sykklar, kleshengarar, bilfelgar og liknande. Frå Fredrikstad blir aluminium sendt til smelteverk i Europa for omsmelting til ny aluminium.



Plastemballasje

I SIM sender me plastemballasjen til godkjent mottak for materialgjenvinning via Grønt Punkt Norge, som driftar dei norske returordningane for plastemballasje, kartong og drikkekartong. Grønt Punkt opplyser at platen går til oppsamling og pressing, før han vert frakta til store sorteringsanlegg i Nord-Tyskland.

Delta i «Returkartonglotteriet»

Skriv namn og telefonnummer på ein enkeltkartong, og du er med i trekkinga av **10.000,-** i returkartonglotteriet. Dersom du skyl-, brettar og stappar seks kartongar i ein

sjuande kartong og skriv namnet ditt på den, er du med i trekkinga av **100.000,-**. «Kubben» kan du leggje i papirdunken saman med anna papp og papir.




**Impregnerert treverk og ureint treverk:**

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til energigjenvinning ved ulike anlegg i Noreg eller Sverige. Transporten ein nyttar til frakt av avfallet er returtransport. Det vil seia bilar som kjem med varer til vårt område og som skal tilbake.

**EE-avfall:**

Vert sendt til godkjent mottak for EE-avfall, der komponentar som kan gjenvinnast vert henta ut, og sortert. Miljøfarlege komponentar vert handsama på forsvarleg måte.

**Restavfallet:**

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til energigjenvinning ved ulike anlegg i Noreg eller Sverige. Restavfall frå SIM- kommunane vert i stor grad energigjenvunne ved anlegg i Bergen eller på Austlandet. Transporten ein nyttar til frakt av avfallet er returtransportar. Det vil seia bilar som kjem med varer til vårt område og som skal tilbake.

**Farleg avfall:**

Vert sendt til forsvarleg slutthandsaming ved godkjent mottak, anten til destruksjon eller deponering.

**Ikkje brennbar rest:**

Dette er avfall som ikkje kan nyttast til materialgjenvinning eller energigjenvinning. Avfallet vert difor køyrt til SIM sitt deponi i Svartasmåget, Fitjar. Avfall som vert deponert skal ikkje innehalda organisk materiale.



Hjelp oss fram!

Vanskelege vinterforhold med snøfall og glatte vegar kan gjera det ekstra krevjande for sjåførane våre å halda ruta og få tømmt dunken din til rett tid.

For å bidra til at avfallsinnhentinga går trygt og godt føre seg også på kalde vinterdagar, gi gjerne sjåførane ei hjelpande hand ved å måka ubrøytt vegar og snuplassar. Kanskje kan du også hiva ut litt strø på glatte parti?

Faktisk pålegg renovasjonsforskriftene eigarar og bruksrettsinnehavarar av private vegar både å måka og strø – slik at bosbilen kjem fram. Men me synest no det er aller best å sjå på ein slik ekstrainsats som ei hjelpande hand til både sjåførane våre, naboane dine, og ikkje minst deg sjølv. Om vegen ikkje er køyrbar, dra dunken fram til brøyta og køyrbar veg.



Måk plass til dunken slik at våre bilar kjem lett til om vinteren, og klypp buskar og trær som strekker seg ut over vegen.

Eit betre miljø for innbyggjarane i Sunnhordland



I 2019 oppretta SIM eit miljøfond som skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. No byrjar midlane å vise att i godkjente prosjekt rundt om i Sunnhordland.

I 2014 selde SIM dotterselskapet SIM Næring. Det vart vedteke i representantskapet at ein skulle opprette eit miljøfond. Fondet sin verdi var ved utgangen av 2018 om lag 51 millionar kroner.

Til no er det delt ut 5,6 millionar til ulike tiltak som er ferdigstilt, eller under oppføring/utvikling.

Miljøagentane

Miljøagentane på Stord har fått støtte til fleire arrangement under Berekraftvekene på Stord.

Miljøagentane har blant anna arrangert filmvisingar, miljøføredrag, redesign-verkstad og delteke på nullutslepps-avsparket til Stord kommune.

Anne-Grete Sandtorv i Stord Næringsråd deltok på redesign-verkstaden på Stord folkebibliotek og fortalde om miljøpåverknaden til tekstilindustrien og gav miljøagentane nokre kjekke syoppgåver.

Seinare i vår var miljøagentane med på å sy det flygande teppet til Aladdin i framsyninga til Spinae Company.

– Målet med Berekraftvekene er å inspirera barn, unge og vaksne på Stord og i Sunnhordland til å støtta opp om dei samfunns- og livsstilsendingane som må gjerast for å skapa eit meir berekraftig samfunn. Me ynskjer å skapa ein fest for den grønne bølga, og ynskjer å visa fram det store klimaengasjementet som finst blant folk, spreia kunnskap og skapa endå meir engasjement.

Støtta frå SIM har vore viktige for gjennomføringa av dei opne arrangementa til Berekraftvekene på Stord, seier vaksenleiar i Miljøagentane på Stord, Svein Olav B. Langåker.



Skulehagen på Knutsaåsen omsorgssenter blei offisielt opna av Stord-ordførar Gaute S. Epland. 1. klassen til Vigdis Haga ved Leirvik skule deltok med song.

Lønning Lutlandbruk
arrangerte
plantedugnad på
Heiane Mottak i
plantekassane som
SIM har støtta.



Populært redesignkurs
på Stord folkebibliotek
med Anne-Grete
Sandtorv.

Støtte til plantekassar

Lønning Lutlandbruk har fått støtte til plantekassar, jord og grønnsaksfrø på skular og andre stader. I samarbeid med Miljøagentane på Stord har Lønning Lutlandbruk kjøpt inn fleire dyrkekassar, jord og frø til Leirvik skule og Heiane Mottak og andre område som alle har tilgang til.

– Hovudmålet med dette prosjektet er å inspirera fleire sunnhordlendingar

til å ta berekraftige og miljøvenlege miljø- og matval. Auka medvit og kompetanse om berekraftig mat kan vera både eit klimatililtak og bidra til å auka sjølvforsyninga vår, seier Svein Olav B. Langåker, som òg er prosjektleiar i Lønning Lutlandbruk. Han legg til at Lønning Lutlandbruk er interesserte i å koma i kontakt med fleire skular og barnehagar som vil starta dyrking av grønnsaker frå våren av.

Søk midlar frå SIM sitt miljøfond!

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: 31. desember.

Tildelingar

Sjå kven som
har fått midlar
i 2020 og 2021 på
sim.as/tildelingar

Les meir og søk på
sim.as/miljofond



Hugs!

Ingen tømmekalender i posten

Me minnar om at tømmekalenderen ikkje lenger vert sendt ut til alle husstandar. SIM oppmodar dei som har høve til det å nytta våre digitale løysingar, som appen eller nettsida vår. Det vil likevel vera fullt mogeleg å få papirutgåva av tømmekalenderen for dei av våre abonnentar som ynskjer det.

Då har ein fleire alternativ:

-  Du kan printe ut ein versjon frå våre nettsider sim.as
-  Du kan hente tømmekalender ved ein av våre miljøsentralar
-  Du kan hente tømmekalender på rådhuset/kommunehuset
-  Du kan be SIM sende ein kalender til deg i posten. Kontakt oss frå og med desember på tlf. 53 45 78 50 eller e-post: sim@sim.as

MERK!

Dei som allereie har meldt frå om at dei ynskjer kalender tilsendt, treng *ikkje* gjera det igjen. Dei er registrert i vårt system og vil få kalender i posten.



SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON

Gåver som både du og naturen har råd til å gi!

Det er mange gåver ein kan gi til andre som ikkje kostar noko særleg, og som naturen har råd til.



Lag snøkuler av tomme syltetøyglas

Tomme syltetøyglas blir sortert som glasemballasje, men kan også bli fine julegåver! Lim ein figur på loket, fyll glaset med vatn og glitter – og vips så har du ei kjempefin snøkule!

Gi vekk ei personleg speleliste!

Musikk har ein fantastisk evne til å vekke kjensler og henta fram minner. Du vil garantert få fram både smil, latter, rødming og tårer hos dine kjære ved å gi dei ei personleg speleliste på t.d. Spotify, Wimp eller iTunes!




Gi vekk brukte ting i julegåve!

Unngå å kjøpa julegåver i full fart, berre for å ha ei gåve å gi. Kanskje du har nokre ting heime du heller kan gi vekk? Ting som du har brukt og vore glad i, kan bli supre gåver under juletreet til andre. Du kan også finna mange fine brukte ting på finn.no.

Gi vekk kunnskap!

Trenger du ei gåve og er i ferd med å springe panisk bort på nærmaste kjøpesenter? Stopp! Gi heller vekk kunnskap i gåve! Alle har noko dei er ekstra flinke til som dei kan lære vekk – baka brød, sy, dansa, eller spele Minecraft. Tid er luksus i vår tid. Dette er ei gåve det garantert blir hyggeleg både å gi og få.



Miljøvennleg juletid

Les fleire råd om ei meir miljøvennleg jul og andre tips til adventskalendere på sortere.no/jul.



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERRAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00.

Tysdag kl. 09.00-14.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-torsdag kl. 09.00-18.00

Fredag kl. 09.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50
(kvardagar kl. 09-15)

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as